



**Saksframlegg**

**Søknad om kommunalt tilskot til idrettsanlegg - ljos rundt fotballbanen - Fyresdal idrettslag**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Søknad frå Fyresdal idrettslag  
Budsjett og finansieringsplan frå Fyresdal idrettslag

**Bakgrunn for saka:**

Denne søknaden handlar om kommunalt tilskot til anlegg som ein delfinansiering til ein spelemiddelsøknad. Slike tilskot kom tidlegare samtidig med prioritering og rullering av handlingsprogrammet for kulturbygg idrett og friluftsliv. Endra praksis her er at dei som søker kommunalt tilskot må gjere det i eige søknad i forkant av sjølve spelemiddelsøknaden og handsaminga av desse.

Det er Fyresdal idrettslag som søker, og det har lenge vore eit ynskje å få ljos rundt fotballbanen for å utvide sesong og bruk av banen.

Det skal settast opp fire master, med total kostnad kr 1 900 856,-.

Fyresdal Idrettslag har fått tilbud på flomljøs rundt fotballbanen frå fleire leverandørar, og tilbudet frå vald leverandør som kostnadsoverslaget er basert på, er det lågaste.

Det er sendt nabovarsel etter krav plan og bygningslova.

Det er søkt mykje ekstern finansiering, og det er til no gitt stønad på kr 1 420 000,-. I tillegg har dei fått hjelp av Nordby Maskin til graving av kabelgrøft.

Fyresdal idrettslag søker Fyresdal kommune om kommunalt tilskot til anlegg kr 336 856,-.

Det er Fyresdal idrettslag som driftar anlegget. Fyresdal kommune er grunneigar, og framleiger til Fyresdal idrettslag.

I handlingsprogrammet til plan for kulturbygg idrett og friluftsliv 2026-2029 står ljøs på fotballbanen oppført anleggskostnad 1 400 000 og ingen tilskot frå Fyresdal kommune. Fyresdal idrettslag hadde som intensjon å ikkje be om kommunal stønad, men då kostnadene blei større, og laget ikkje greide å finansiere opp med eksterne tilskot, søker dei no tilskot.

#### Økonomi:

Det er eit kostnadskrevjande tiltak, total kostnad rekna til:

Kostnadar	1 900 854,-
Finansiering	
Spelemidlar	620 000,-
Sparebankstiftelsen DNB innvilga	300 000,-
Sparebanken Norge innvilga	500 000,-
Eigeninnsats	144 000,-
Kommunalt tilskot	336 856,-

#### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige.*

#### **Støtte opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod. Stø opp om frivillig arbeid**

Dette vil i tillegg styrke hovudsatsingsområde 1 og 2 i plan for kulturbygg- idrett og friluftsliv:

- 1 Vi skal ha fleire møteplassar med uorganisert aktivitet
- 2 Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar

Dette er eit godt og viktig tiltak for alle innbyggjarar i Fyresdal. Det vil gjere sesongen lenger for fotballgruppa, men vil og gjere heile området med fotballbane, ballbinge og etter kvart Padelbane osv meir tilgjengeleg for fleire, og slik sett styrke eit av våre hovudsatsingsområda som nemnt over.

Det er eit kostnadskrevjande tiltak, og Fyresdal idrettslag har jobba godt med ekstern finansiering. Dei har lagt inn kr 144.000 i dugnadsinnsats. Dersom dei får innvilga stønad frå kommunen, er det ikkje behov for bruk av eigenkapital.

Ved innsikt i søknad til kulturmidlar i Fyresdal kommune, ser ein at Fyresdal idrettslag har ein betydeleg eigenkapital, som dei seiste åra har auke jamnleg, med årleg driftsresultat i snitt dei tre seiste åra på kr 200 000,-. Pr. 31.12.2025 har FIL ein eigenkapital på kr 1 475 000,-. FIL har i år eit svært høgt aktivitetsnivå, og med ein profil kor dei ynskjer at aktivitet og deltaking på stemner skal ha låg kostnad for medlemmer. T.d. sponsar dei all deltakarar på stemner/cup med kr 1.000,- dersom det er snakk om overnatting.

Det betyr at dei jobbar godt, og har ein forutsigbar økonomi, men det er å rimeleg å tenke at noko av denne eigekapitalen kan nyttast som investeringskapital i nye anlegg.

Fyresdal idrettslag har sendt og fått godkjent søknad om spelemidlar for 2026, søknaden er under handsaming.

#### **Konklusjon:**

Det er ynskjeleg å stø opp om initiativ frå det frivillige, og Fyresdal idrettslag jobbar godt med utvikling av nye anlegg i Fyresdal for tida. Ljos rundt fotballbanen gir moglegheit for meir aktivitet både for fotballgruppa og anna uorganisert aktivitet. Fotball og ball er ein allemannsaktivitet, og ljøs vil gjere det lettare for innbyggjarar, besøkande og arbeidsfolk på Molandsmoen og ta området i bruk. Dette stø opp om Fyresdal kommune sine satsingsområde.

Ein vurderer det likevel slik at det kan vere rimeleg at Fyresdal idrettslag bidrar med noko eigenkapital, og vurderer derfor eit redusert tilskot i forhold til omsøkt beløp.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune stø søknad frå Fyresdal idrettslag om tilskot til ljøs på fotballbanen ved Gimle skule med kr 200 000,-. Tilskotet løyvast frå Fyresdal kommune sitt disposisjonsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur